



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 20. november
Møtetid: 19:10
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Ingunn Hjelmås, Gro Merete Hoksnes, Mette Myrseth Oterhals, Oddmund Arne Varhaugvik, Eva-Beate Opskar Nybø, Geir Ove Tangen, Oddvar Hoksnes

Vidare møte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjevevje)

Forfall meldt:

Svein Løwe, Jan Magne Breivik, Anja Helen Otterlei, Audhild Mork og Kristian Finn Risung

Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes, Inga Sølvi Korsvik Melby

Innleiingsord: Frank Harald Vestad (i staden for Anja Helen Otterlei)

Sakliste

Godkjenning av innkalling

Kommentar om vedlegg til eit dokument vedr konfirmantopplegget ikkje var vedlagd, og som vart forklart. Godkjent.

Godkjenning av sist møtereferat

Godkjent.

Sak 24/2018: Status vidare for Misjonsprosjektet

Innstilling frå AU: Kledeinnsamling og pengeinnsamling (gje ein skulesekk (ca 250,-)). Spørje Misjon utan grenser om kva som trengs. Innkjøp av julegåver (nye) til barna.

Kommentar SFR: Ingen budsjett eller sum er bestemt for prosjektet.

Vedtak i SFR: Innstillinga frå AU vart samrøystes vedteke.

Sak 25/2018: Konfirmantevaluering

Konklusjonsskriv frå evalueringa til Trusopplæringsutvalet
Tidspunkt på undervisninga. Ev. matsservering. Pølse og brød.

Innstilling frå AU: AU rår til at endringane som er foreslått av prest og trusopplærar med tillegg av endring av tidspunkt til rett etter skoletid, blir gjennomført med verknad av 1.1.2019. Eksakt tidspunkt må fastnettas i samråd med konfirmantane.

Kommentar SFR: Gjennomgang av skriv frå ei konfirmantforelder frå førre kull.

Enklere konfirmasjonsopplegg må til.
Spørsmål til dette med å bekrefte sin deltaking.
Ja/Nei leken må bort. Ha orientering fyrst og deretter kanskje ei samling ute til dømes i skogen for sosial lek der.

Alle konfirmantane som er tilstades på Gudstenestene, må få oppgåver slik at dei føler seg inkludert og motivert.

Ting må vere tydeleg forklart til konfirmantane kva oppgåve dei skal ha og kva for vaksne dei skal forhalda seg til slik at alle veit kva som skal gjerast.

Spørje konfirmantane om tidspunkt etter skoletid passar frå 1.1.19, eventuelt også passe på at tidspunkt er tilpassa til dei som skal kome frå Julsundet.

Vedtak i SFR: Ovannemnde forslag frå SFR vart samrøystes vedteke, og det blir sendt over til prest og trusopplærar.

–

Orienteringssaker:

Orientering om status prosjektmidlar

Brannsløkningsanlegg

Ringeanlegg – Purre på Harnes i Møre Bispedøme og ev. invitere han hit.

Lyssetting i kyrkja

Dimmere til krona og hengelamper fungerer ikkje. Ønskje om oppgradere lys til LED og må da ha andre dimmere. Ta også med lys/spotta kor/alter. Sjå også på lyssettinga på uteområdet. Ny lysveg rett vest for kyrkja.

Vedtak AU: Frank innhentar tilbod frå iElektro samt ein annan leverandør.

Kommentar SFR: Forslag om å utsette eit slikt prosjekt når det gjeld kyrkjegarden. Ein må bruke litt tid på å planlegge heilskapleg både for lyssetting, parkering, ev. trefelling. Lage ei samla plan for kyrkjegarden.

Vedtak i SFR: Det innhentast mellombels berre tilbod frå leverandørar på det som gjeld belysning i kyrkja. Det innhentast tilbod frå iElektro og Harwest Elektro. Kyrkjegarden blir tatt opp som sak på nyåret.

Økonomisk status for Aukra sokn pr 10-2018

Vedtak AU: Frank lager en enklare rapport for framlegging og orientering til SFR.

Kommentar SFR: Driftsrapport pr 19.10.2018 vart framlagd og gjennomgått. SFR framheld at prosjektrekneskap må på plass, og tek den økonomiske rapporten til vitande.

Invitasjon Førjulssamkome

Vedtak AU: Frank sender ut invitasjon generelt og direkte etter oppsett invitasjonsliste. Generell annonsering for dette med oppslag og fb.

Kommentar SFR: Oppsummert om at alt er i rute ifht komité.

Eventuelt:

Gudsteneste på julaftan på Julsundet

Gudsteneste blir kl 13 i Julsundet skole i gymsal, med Kristian prest og Jens Olav Malmedal som pianist.

Kommentar SFR: Det er endå ikkje sett opp ei liste for kven som skal ha diverse oppgåver, men det er på gang med å få forslag til personar som kan spørjast. Staben tek dette ansvaret. Dei må også ta ei synfaring på førehand der, samt å få over utstyr for å få dette på plass.

Møte i SFR den 4. desember

Vedtak i SFR: Møtet den 4. desember avlysast. Neste møte blir januarmøtet.